



Opplysningsvesenets fond
Postboks 535 Sentrum
0105 OSLO

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/215 - 18/2150

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:
13.02.2018

Delingssak Gbnr 45/1/47 Manger - ny grunneigedom for eksisterande bustad på festetomt- delingsløyve

Delegasjonssak nr.: 033/2018

Søklar: Opplysningsvesenets fond

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom (pbl.) § 20-1 – innløyising av festetomt

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld søknad om frådeling av eksisterande festetomt som ny grunneigedom for eksisterande bustad.

Festetomta er registrert i matrikkelen med eit areal på 2035 kvm. Oppmåling vil fastsetje endeleg areal og grensar.

Det vert elles vist til søknad motteke 26.01.18.

Sakshandsamingsfrist

Frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 er 3 veker frå mottaksdato av komplett søknad.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplan for Manger Sentrum. Skuleområdet, plan id. 12601976000100 har arealformål byggeområde for bustader.



Utsnitt av reguleringsplan for Manger sentrum. Skuleområdet.

Frådeling av eigedom for heilårsbustad er i tråd med arealføremål i plan.

Nabovarsling

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av eigedomen er vist i kart datert 23.01.2018 motteke 26.01.2018.

Vatn og avløp (VA)

Det er eit vilkår for oppretting av ny grunneigedom at eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Det er ikkje opplysningar i søknaden om vatn og avluap. Kommunen legg til grunn som ein føresetnad for sakshandsaminga at eigedomen er knytt til offentleg vatn og avlaup.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Det er eit vilkår for oppretting av ny grunneigedom at eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig i samsvar med pbl. § 27-4.

Det er ikkje opplysningar i søknaden om avkjørsle. Kommunen legg til grunn som ein føresetnad for sakshandsaminga at eigedomen har godkjent avkjørsle.

LOVGRUNNLAG:

Saka skal handsamast etter plan – og bygningslova § 20-1 m om deling.

VURDERING:

Det er kommunen si vurdering at søknaden er i samsvar med arealføremål for eigedomen etter reguleringsplan for Manger sentrum- Skuleområdet.

Radøy kommune har i 2011 motteke innspel frå festar om at grensene som er registrert i matrikkelkartet for festetomta ikkje er i samsvar med festekontrakt og festar si forståing. Det vart ikkje gått lenger med saka. Ut frå dette kan det tyda på at grensene som er registrert i matrikkelkartet og som vedlagte kart til søknaden byggjer på ikkje stemmer. Dette må avklarast på oppmålingsforretninga. Oppmålinga må ta omsyn til utbygd veg-/ gangareal. Dersom oppmåling av ny grunneigedom skulle visa seg at ein går ut over regulerte formål til bustad vil fortsatt reguleringsformåla i reguleringsplanen gjelda.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no. Kommunen finn ikkje at deling vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 m vert det gjeve løyve til deling på følgjande vilkår:

1. Eigedomen skal ha lovleg avkjørsle til offentleg veg.
2. Eigedomen skal ha lovleg vatn og avlaup.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage på vedtak

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast saksmaal om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, j.fr forvaltningslova § 27b.

Dersom det ikkje vert klaga på vedtaket vert saka sendt til oppmålingsavdelinga i kommunen som tek kontakt for oppmålingsforretning.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
11.1.1	Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan	1	3 300
	Totalt gebyr å betala		3 300

Gebyr for oppmåling og tinglysing kjem i tillegg. Faktura vert tilsendt per post.

Klage på gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt oppmålingsingeniør Kjartan Medaas.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjartan Medaas
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Oppmåling - Teknisk forvaltning
Radøy kommune

Mottakere:

Opplysningsvesenets fond

Postboks 535

0105

OSLO

Mottakere:

Sentrum